



Arkivnr: 2014/14001-27

Saksbehandlar: Nils Vetlesand

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		26.03.2015

Rekneskapsrapport pr. februar 2015

Samandrag

I samsvar med rapporteringsrutinane legg fylkesrådmannen fram rapport om rekneskapsutviklinga ved utgangen av februar. Fylkesrådmannen er uroleg for skatteinngangen så langt i 2015. Den negative tendensen frå slutten av 2014 med lågare vekst i skatteinntektene enn budsjettert, ser ut til å halda fram.

Inntektene i kollektivtransporten viser så langt svak utvikling. Takstauken vart iverksett frå 1. februar. Det er enno for tidleg å koma med prognose for heile året, men held den svake utviklinga for dei to nemnde inntektspostane fram, kan det gå mot svikt i rekneskapen samanlikna med budsjettet.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. februar 2015 til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.03.2015**Bakgrunn**

I tråd med dei vedtekne rekneskapsrutinane går fylkesrådmannen i denne saka gjennom rekneskapen ved utgangen av februar.

Rekneskapsrapport ved utgangen av februar 2015

Utanom samferdselssektoren og svikten i skatteinntektene, hadde dei fleste avdelingane små avvik i rekneskapen for 2014.

Etter dei to fyrste månadane er det ikkje avdekkja vesentlege avvik som gjer at einingane ikkje skal kunna styra mot tilnærma balanse i 2015. Eit unnatak frå dette er om den svake utviklinga i kollektivtrafikkinntektene som så langt er observert, held fram. Fylkesrådmannen vil vidare kommentera skatteinngangen litt nærare.

Fylkesrådmannen går nedanfor kort gjennom dei ulike sektorane:

Opplæring

Opplæringsavdelinga melder at det er balanse mellom budsjett og rekneskap ved utgangen av februar.

I budsjettet for 2015 er det rekna med nedgang i elevtalet ved inntaket til hausten. Elevtalet gjekk ned med 267 elevar hausten 2014 og det er venta ein tilsvarende nedgang komande haust. Fylkesrådmannen vil følgja denne utviklinga gjennom inntaksprosessen. Endringar i linjeval og talet på klassar vil også ha innverknad på korleis ein kjem ut – i tillegg til talet på elevar.

Samferdsel

Utviklinga på kostnadssida er totalt sett positiv for samferdselsavdelinga dei to fyrste månadane. I statsbudsjettet for 2015 er det vedteke å påleggja vegavgift på bruk av naturgass. Denne avgiftsendringa vil auka kostnaden med kollektivdrifta med 24 mill. kr i og med at ein nyttar gassbussar i Bergen. Kostnadsauken er teke opp med Samferdselsdepartementet og fylkesrådmannen vil koma attende til dette i tertialrapporten etter 1. tertial.

På inntektssida er det etter to månader for tidleg å kunna gje sikre prognosar. Dette gjeld særleg i og med at takstauken først vart sett i verk frå 1.februar. Så langt i år er det konstatert eit negativt inntektsavvik samanlikna med budsjettet. Fylkesrådmannen vil følgja utviklinga nøye og koma nærare attende til dette i tertialrapporten.

Prosentdel som kjøper billetter om bord på bussane i Bergensområdet har gått ytterlegare ned dei to fyrste månadane. Det er no under 40 % av billett kjøpet som vert utført om bord på bussane. Prosentdel som kjøper billetter på mobiltelefon har auka dei to fyrste månadane og for første gong er salet på mobil like stort som salet om bord på bussane.

Overgang til meir periodeprodukt kan isolert sett føre til ein nedgang i billettinntektene, men utviklinga er i tråd med målsettingane for å få fleire kollektivreisande.

Andre sektorar

Innanfor dei andre sektorane/områda som Kultur og idrett, Tannhelse, Regional utvikling og Fellesfunksjonar er det ikkje store risikofaktorar for avvik. Mesteparten av dei faste utgiftene er knytt til lønsutgifter og utbetaling av tilskot som fylkeskommunen har god styring og kontroll over. Det er heller ikkje så stor risiko knytt til inntektspostane på desse sektorane.

Risiko knytt til store inntekts- og utgiftspostar

Store inntekts- og utgiftspostar, som er avgjerande for totalprognosen på grunn av ein viss risiko for avvik, er netto renteutgifter, lønsavsetjing, pensjonsutgifter og konsesjonskraft. Ut frå rekneskapsstatus dei to fyrste månadane og tilgjengelege opplysningar har ikkje fylkesrådmannen haldepunkt for at det går mot vesentlege budsjettavvik for desse postane, med unnatak for utviklinga for rentekapitlet.

Rentenivået er lågt, og lågare enn lagt til grunn i budsjettet. Om det låge rentenivået held seg ut året, går det mot innsparingar på rentekapitlet.

Skatt og rammeinntekter

I tillegg til postane nemnt ovanfor er sjølvsgatt skatt og rammeoverføringar svært avgjerande for korleis rekneskapsresultatet vert. Rekneskapsresultatet for 2014 viste ein svikt i skatteinntektene på 35,5 mill. kr samanlikna med budsjettet.

Fylkesrådmannen legg prognosar frå nasjonalt hald til grunn ved budsjettering av skatteinntektene. I statsbudsjettet for 2015 er det lagt til grunn ein vekst i skatteinntektene for fylkeskommunane på 4,5%. Denne veksten er rekna ut frå departementet sitt overslag over venta fylkesskatt då statsbudsjettet vart lagt fram. Faktisk skatteinngang i 2014 vart noko lågare enn departementet rekna med i statsbudsjettet. Det er på sentralt hald rekna med ein lønsvekst på 3,3% og ein sysselsetjingsvekst på 0,8% som noko av det anslaget byggjer på. Skatteøren er justert ned frå 2014 til 2015.

Skatteinngangen ved utgangen av januar ligg vel 7 mill. kr under budsjettet. Endelege tal for februar føreligg enno ikkje, men tala for Hordaland før inntektsutjamning er også denne månaden på den negative sida. Det er likevel for tidleg å koma med prognose om korleis skatteinntektene vil enda opp ved utgangen av året.

Fylkesrådmannen vil følgja utviklinga i skatteinntektene nøye og koma attende i tertialrapporten pr. april. Då vil ein ha oversyn over fire månader og betre grunnlag for å utarbeida prognose. M.a. vil ein då ha med seg mars månad som er ein stor «skattemånad».

Tabell over rekneskapsutviklinga

Tabellen nedanfor viser status for rekneskapsutviklinga ved utgangen av februar. Ved jamt forbruk gjennom året skal omlag 17% av budsjettet vera brukt etter to månadar og mange budsjettområde viser godt samsvar med dette. Nokre budsjettområde har ujamt forbruk gjennom året og dette går fram av tabelloversynet.

Oppsummering

Fylkesrådmannen er så langt uroleg for utviklinga i skatteinntektene. Til fylkestinget sitt møte i juni vert rapport over rekneskapsutviklinga etter 1. tertial lagt fram. Då vil ein ha betre oversyn over rekneskapsutviklinga for dei sentrale inntektspostane som er avgjerande for totalprognosen for året. Som nemnt, vil ein då ha oversyn over skatteinntektene for fire månader av 2015 og tilsvarande for kollektivtrafikkinntektene.

Med fare for svikt på inntektssida, er det desto viktigare å halda god kontroll med utgiftssida. Fylkesrådmannen har ikkje så langt konstatert svikt på utgiftssida, men stram budsjettstyring framover er nødvendig.

Tabell som viser rekneskapsstatus:

	Rekneskap feb. 2015	Årsbudsjett	Forbruk i % av årsbud	Rekneskap feb. 2014
Politiske organ og adm.				
Kostnader:	59 722	297 454	20,1 %	71 486
Inntekter:	-4 562	-13 758	33,2 %	-4 695
Netto	55 160	283 696	19,4 %	66 791
Fellesfunksjonar				
Kostnader:	2 287	260 636	0,9 %	7 565
Inntekter:	3 775	-13 566	-27,8 %	-1 880
Netto	6 062	247 070	2,5 %	5 685
Opplæring				
Kostnader:	514 862	3 042 865	16,9 %	564 017
Inntekter:	-87 869	-358 692	24,5 %	-88 984
Netto	426 993	2 684 173	15,9 %	475 033
Tannhelse				
Kostnader:	52 941	282 676	18,7 %	50 874
Inntekter:	-15 917	-108 044	14,7 %	-14 830
Netto	37 024	174 632	21,2 %	36 044
Regional utvikling				
Kostnader:	8 911	213 034	4,2 %	13 185
Inntekter:	-7 599	-130 505	5,8 %	-44 622
Netto	1 312	82 529	1,6 %	-31 437
Fylkeskom. næringsverksemd				
Kostnader:	4 805	50 000	9,6 %	7 237
Inntekter:	-14 102	-138 300	10,2 %	-22 399
Netto	-9 297	-88 300	10,5 %	-15 162
Samferdsel				
Kostnader:	438 567	2 906 533	15,1 %	426 512
Inntekter:	-168 880	-1 070 696	15,8 %	-164 378
Netto	269 687	1 835 837	14,7 %	262 134
Kultur				
Kostnader:	43 708	314 510	13,9 %	50 771
Inntekter:	1 794	-149 297	-1,2 %	-7 527
Netto	45 502	165 213	27,5 %	43 244

Skatt og rammetilskot				
Inntekter:	-976 931	-5 940 000	16,4 %	-952 726
Netto	-976 931	-5 940 000	16,4 %	-952 726
Renter og avdrag				
Kostnader:	10 771	570 400	1,9 %	15 658
Inntekter:	-10 651	-57 250	18,6 %	-10 726
Netto	120	513 150	0,0 %	4 932
Interne finansieringstransaskj				
Kostnader:		102 000	0,0 %	
Inntekter:		-60 000	0,0 %	
Netto		42 000	0,0 %	
NETTO FYLKET TOTALT	-144 368			-105 462